



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 03.05.2016
Møtestad: Formannskapsrommet
Møtetid: 09:00 - 12:45

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Ordfører	
Kristin Nåmdal	SA	Varaordfører	
Linda Neset	SO	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Øivind Olsnes	Rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
021/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
022/2016	Godkjenning av møtebok
023/2016	Orienteringssaker
023/2016.1	Rapport, kulturminnevernmidlar 2010 - 2015.
024/2016	Stiftinga Bjørn West-museet, samarbeidsavtale.
025/2016	Kommunale tomter - vilkår ved sal
026/2016	Utsifting/oppgradering av hovedsikringsskap Modalstunet

Notat frå møtet:

Møte vart heva mellom kl 10.30 -11.45 for møte i Næringsfondsstyre.

021/2016: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:

Tilleggsak 026/2016 vart framlagt i møte. Ikkje merknader til at denne vart handsama i møtet.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

022/2016: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

023/2016: Orienteringssaker

Behandling:

I møtet vart det orientert om og drøfta følgjande:

Utlysing av stilling: Kultur- og utviklingssjef

Rådmannen orienterte og svarte på spørsmål frå Kristin Nåndal

Grindbygg

Ordførar følg opp spørsmål/framlegg frå Kristin Nåndal

Møte med reiselivsbedrifter

Etter forslag frå Kristin Nåndal inviterer ordførar og varaordførar til eit møte med alle reiselivsaktørar i kommunen

Bru over elv ved Eikebakken

Ordførar følg opp spørsmål/framlegg frå Kristin Nåndal

Opning av kalkingsanlegg - open dag

Etter spørsmål frå Kristin Nåndal orienterte ordførar og rådmann om opplegg for opninga av kalkdoseraranlegget den 10. mai. Elveeigarlaget vert utfordra til å arrangere ein open dag ved kalkingsanlegget for skuleelevar / andre interesserte med informasjon om planlagt kultiveringsarbeid i Modalselva.

Utbetring av området ved Bryggjeslottet

Rådmannen orienterte og svarte på spørsmål frå Linda Neset. Finansiering/kostnader vil verte nærmare kommentert i årsmeldinga for 2015.

Brenning av og behov for opprydding av avfall

Kjetil Eikefet reiste spørsmål ved kven som har ansvar for å føre tilsyn med brenning av avfall som truleg skulle vore levert på godkjendt deponi.

Rådmannen orienterte om at kommunen er lokal tilsynsmynde for dette og vil følgje opp saka.

Det vart også reist spørsmål ved om det er behov for å lage ein lokal ryddeaksjon og levering av plast frå landbruket.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

023/2016.1: Rapport, kulturminnevernmidlar 2010 - 2015.

Behandling:

Rådmannen orienterte om saka og svarte på spørsmål.

Vedtak:

Framlagt oversyn vart teke til orientering.

Formannskapet såg ikkje trong til at administrasjonen laga noko ytterlegare evaluering av ordninga.

024/2016: Stiftinga Bjørn West-museet, samarbeidsavtale.

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

Modalen kommune yter eit årlege tilskot til drift av Bjørn West museet, på kr. 20 000.-.

025/2016: Kommunale tomter - vilkår ved sal

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

Formannskapet tek rådmannen si tilbakemelding og vurderingar til etterretning.

Modalen kommune skal leggje tidlegare fastsette vilkår, slik dei framgår av standard tildelingsbrev, til grunn for sal av kommunale bustadtomter. Det skal ikkje gjevast dispensasjon frå desse vilkåra.

026/2016: Utsifting/oppgradering av hovedsikringsskap Modalstunet

Behandling:

Rådmannen orienterte om saka.

Vedtak:

Rådmannen rår til at det vert løyvt kr 130 000 i auka investering til usifting av heile hovudsikringsskapet på Modalstunet.

Finansiering: Bruk av disposjonsfondet
